

**Årsmøte**  
**i**  
**Vossestrand Sogelag**  
**17. oktober 2021**  
**Møtestad: Vossestrand hotell**

Det møtte 45 medlemmar.

Leiar Jorunn Gjøstein ynskte velkomen.

Fyrste innslag før årsmøtet var ei orientering om stadnamnprosjektet. Ole Kristian Årnot og Sturla Hommedal fortalde om arbeidet med å samla inn stadnamn på Vossestrand. Hittil er det samla inn 3500 stadnamn som er registrerte digitalt.

Etter denne orienteringa underheldt Jens Brekke frå Vik i Sogn. Han fortalde sannsoger og gode historiar frå Vik og Myrkdalen der han mimra tilbake til tida då han var mykje i Myrkdalen som liten gut og ungdom. Han las og dikt av både Per Sivle og Jakob Sande.

Etter underhaldninga vart det god middag med dessert og kaffi.

**Så starta me sjølve årsmøtet:**

Innkallinga til årsmøtet og saklista vart godkjent av møtelyden.

Val av møteleiar: Jorunn Gjøstein

Val av referent: Kari Mørkve Jordalen

Val av to medlemmer til å skriva under møteprotokollen. Desse vart valde: Odd Henry Hommedal og Bjarne Skjervheim.

Årsmelding:

Leiaren las opp årsmeldinga som vart einstemming godkjend.

Rekneskap:

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapen. Denne vart einstemmig godkjent med nokre få kommentarar vedkomande utgifter til Strandadisen og redigering av opptak frå Vossaradioen.

Val:

Frode Vangsnes leia valet.

Leiar: Jorunn Gjøstein vart einstemmig attvald  
Attval av to av styremedlemmene: Ingrid Jordalen og Kari Mørkve Jordalen  
for 2 år  
Styremedlem Sjur Vinje stod ikkje på val.  
Kasserar Trygve Dugstad stod ikkje på val.

1. varamedlem: Arne Johan Dregelid, vald for 1 år  
2. varamedlem: Ivar Husdal, vald for 1 år  
Revisorar:  
Randi Engelsen Eide vart vald for 2 år  
Knut Blikberg stod ikkje på val

Valnemnd:  
Knut K Mørkve  
Frode Vangsnes  
Torbjørn Dagestad, ny

Henning Ure er nytt medlem i fotonemnda.

Kontingenten vart sett til 100,- kr pr. medlem pr år  
Laget har fått Vipps med nr 715037

Odd Henry Hommedal orienterte litt om heimesida til sogelaget. Det er mest aktivitet på fotosida. I løpet av siste året har det vore omlag 8000 besøkjande på heimesida.  
Han oppmoda medlemmene og særleg styret til å senda stoff til redaktøren. Det er viktig å få ut informasjon og artiklar på heimesida.  
Laget har også eiga Facebookside som han oppmoda styret og medlemmane til å nytta.

Ivar Husdal snakka litt om vegane som laget har rydda og sett i stand, m.a. Strandalivegen og kyrkjevegen Myrkdalen -Vinje.

Referent: Kari Mørkve Jordalen

Vossestrand , 8. november 2021

---

Odd Henry Hommedal

---

Bjarne Skjervheim